

# Møtte Vamp-venner på Voss

**Tir n'a Noir er allemannseige, og det same er Månemann. Desse var sjølv sagt på Vamp si speleliste på Voss. Det var også den aller nyaste songen, Amilia.**

På førehand hadde Øyvind Staveland lova både tilbakeblikk og nye songar. Nokre songar kjem dei ikkje utanom, slike som Tir n'a Noir, Liten fuggel og songen om Månemannen.

Desse vart porsjonerte ut gjennom den halvannan time lange konserten i Vossasalen fredag kveld, til eit lydhøyrte publikum av vossingar og langvegfarande. Vamp har ein solid tilhengjarskare over det ganske land, og har gjennom 25 år fått fotfeste i fleire generasjonar.

## Fargar i paletten

Vamp byr på rølpete rock og vakre balladar, på røvarviser og poesi. Dei herjar i heksedans, og syng stemningsfullt om unge sommarminne, om slitne fluktstolar, Tarzanblad og 13 humler i eit Norgesglas på trappa. Dei dyrkar det fargerike, det skakke, mangslungne og uperfekte, og peikar nase til det prektige og sjølvoppteke selfie-samfunnet.

Vamp er orkesteret som hevar kruset og skålar for dei som har mista fotfestet, for fangar og for fuglar som har klinka i ruta. Dei syng med hjartevarme og spelar med stor profesjonalitet. Alle syng, og fleire vekslar mellom ulike instrument. Og alle har dei stort fokus på folka i salen.

## Standup

– Vossingar, likar de å syngja? Ikkje berre gnikka på felene dykar? spurte Jan Toft.

Vokalisten som har vendt tilbake til bandet, stilte opp med reine



**ENERGI:** Vamp gav full gass i Vossasalen fredag, og stemninga steig skikkeleg med klassikarar som Liten Fuggel og Månemann.

standup-showet. Medan musikarane trekte pusten i bakgrunnen, tok Toft ein gjennomgang av alle manglane han etterkvart oppdaga med kroppen sin. Han mangla hake – men såg ingen hake ved det – og han er utan hals – trass i at han må vera den i landet som har kjøpt flest halspastillar – og han manglar skuldre; så han måtte starta på skulen utan ransel med med bestemors skotskrutete trillebag.

Om det skorta på hake, hals og skuldre, manglar han ikkje hoffer. Og han var ikkje redd for å bruka dei, i munter flørt med publikum.

På fyrste rad sat dei som hadde vore tidleg ute, dei som kanskje er dei aller mest dedikerte publikummarane. Reidun Tveito og Grethe Rongen stortreivst gjennom konserten med dei seks fantastiske musikarane berre halvannan meter frå seg.

– Eg likar dei veldig godt. Det er noko med den typen musikk dei spelar, som kan vera både fengjande og rolege songar, seier Reidun Tveito.

– Og så er de veldig sjarmende. Det er mange personleg-

domar i Vamp, meiner Grethe Rongen.

## Vamp himself

Dei set pris på at vokalisten Jan Toft er tilbake i bandet, for han ber mykje av forestillinga. Ja, og Øyvind Staveland sjølv sagt, som er gründeren og Far sjølv i laget.

– Tir n'a Noir er veldig fin, og Liten fuggel, som var ein hit då den kom. Og så er det noko spesielt med Månemann, meiner damene på fremste rad. Etter konserten ville dei kjøpa cd'ar, og helst skaffa seg Vamp-auto-

grafar. Og det er nok av plater å velja mellom. Vamp gav ut sitt fyrste album i 1993, «God morgen søster», etter fyrst å ha gjeve ut singelen «Hallo-Adjø». No, tjuvfem år etter, har Vamp selt til saman éin million plater.

Dei seks som i dag utgjær Vamp, og som regjerte i Vossasalen fredag, er Øyvind Staveland, Jan Toft, Odin Staveland, Bjørn Berge, Kjetil Dalland og Lars Eirik Støle.


ANNE RIVENES | tekst og foto  
ar@avisa-hordaland.no

## Sogeskrift med nyhende frå andre verdskrigen

**ÅRBOK:** Også sogelag sine år-bøker kan innehalda nyhende. **Ulvik sogelag kan dokumentera den tyske krigsmakta sine planar om flyplass på Hardangerjøkulen.**

Den andre verskrigen er tema for fleire av artiklane i det sjette årsskriftet til Ulvik sogelag. Den mest forvitnelege er Olav M. Rondestveit sin dokumentasjon av den tyske krigsmakta sine planar om å byggja flyplass på Hardangerjøkulen. Mange har snakka og fantasert rundt denne, på folkemusne kjende historia, men få om nokon har visst noko sikkert. Heilt til den då 93 år gamle tyskaren Robert Pötzl kom som turist til Finse i 2013. Han hadde vorte der før og hadde spennande ting i bagasjen ...

To andre artiklar med krigsrelatert stoff er Tobjørn Dyrvik si sak Frå lensmannsarkivet 1940-41 og Arne Skjerven si søge Det kom ei pappøskje til Osa i 1942 – med ein radio.



**SOGER:** Ulvik sogelag sitt Årsskrift 2016.

Ulvik sogelag tok ein pause i utgjevingane av årsskriftet i fjor, då laget sette alle ressursar inn på utgjevinga av boka Stølar

i Ulvik. Men i år er redaksjonsnemnda ute att med nytt årsskrift, og nemnda er godt nøgd med at også nye skribentar har meldt seg på med stoff til årets utgåve.

Eit sogelag sitt årsskrift er også eit lagsblad for medlemene, derfor har årsmeldinga til laget sin faste plass. I år er det endåtil to slike, ettersom den førre utgåva kom i 2014. Den andre «lagsposten» er ein kort illustrert artikkel om sogelaget sitt stølstreiff i 2015 – i samband med utgjevinga av stølsboka.

Torbjørn Øydvin får æra av å avslutta artikkelrekka med Løype og løypestrenger, om gamle transportmåtar i skogen.

## Skrapslått

Gunvor Børsheim Lindland, pensjonert lærar og tidlegare rektor ved Voss ungdomsskule, har skrivne den fyrste og lengste artikkelen i sogeskriftet. Under tittelen Skrapslått og litt til, tek ho føre seg kulturen med skrapslått eller småhøyslott på

heimegarden Børsheim. Ein kultur som nok går svært langt attende i tid, men som knapt nokon lenger utøver. Ikkje minst fordi det var eit reint manuelt arbeid, med stuttov og rive som to av dei viktigaste reiskapane og hesjing som den viktigaste forma for foredling av dette viktige tilskotet til förhaustinga.

## Mangt frå Osa

Om skrapslått er eit gammalt handverk er nok bruken av koldeholer minst like gammal. Koldeholene var gjerne holer nedst i store og grove steinurer. Med kalde vintrar, og godt med nedbør både som snø og regn, var holene heilt avgjerande for å kunne ta vare på mat som hadde avgrensa levetid – rett og slett den tids kjøleskåp. Paul Amundsen har skrivne ein illustrert artikkel om dei mange koldeholene i Osa. Deretter overtek Tore Ødven med saga om Folket frå Sjøhagen, ein husmannsplass på Øydvensto ved Osafjorden.

Historier om bjørn og bjørnejakt på våre kantar er eksotiske for oss i 2016, men på 1700-talet var det kvardagsleg realitet – ikkje minst for bøndene. Olav M. Rondestveit skriv om Sjølvskot for bjørn, med både fangsstatistikk og funnet av to komplette kassar for sjølvskot på loftet av handelslagsbygget i Ulvik. Knut Nes sin artikkel om den sjeldne planten misteltein i Ulvik tilhøyrer ein heilt annan stoffkategori.

Arne Skjerven er eit kjent namn i Ulvik, både som tidlegare lærar og som leverandør av lokalhistorisk stoff. Denne gongen har han teke tak i tekstar av Olav H. Hauge. Den eine ber tittelen Ho fekk ein flekk som ingen bekk tok vekk – om skamma ved det å få barn utanfor ekteskapet – og «Kald kona» og pappa-ropande born, basert på Hauge sin tekst med tittelen Kald kona.

NILS KVAMSDAL | tekst  
nk@avisa-hordaland.no